



BREMNES SEASHORE



ÅRSMELDING 2023

Bildebeskriving:
forsidebilde.psd

Kjære kollegaer, interessentar og samarbeidspartnarar

Det er med stor glede eg skriv desse orda, og samtidig reflekterer over det året som har gått. Som ny konsernsjef i selskapet, er det ei ære å stå i spissen for ein organisasjon som bidrar så sterkt til matproduksjonen i Norge og verda. Eg er imponert og stolt over innsatsen og engasjementet eg har vore vitne til, og ser med optimisme fram mot dei utfordringane og moglegheitene som ligg føre oss.

2023 har vore eit omstrukturingsår for oss, der me har rigga oss for å møte den nye grunnrenteskatten og endra regulatoriske rammevilkår. Gjennom året har me gjort strategiske grep for å forbetra biosikkerheita og sikra at laksen vår har det best mogleg. Me ønskjer i produksjonen vår å legge større vekt på helsa og velferden til fisken - enn biomassen den utgjør. Til grunn ligg fokuset vårt på berekraft og fiskevelferd, som er viktigare enn nokon gong.

Sjukdomen ILA prega året, noko som har gitt oss utfordringar som me vil kjenna på også inn i 2024. Me arbeider systematisk med å setta opp barrierar og ta i bruk

ny teknologi, for å redusera risikoen for at me kjem i tilsvarande situasjon igjen. Parallelt med dette har me jobba med å bygga om og utvida fabrikk, ei oppgåve som har kravd ein imponerende innsats frå alle involverte. Vår nye fabrikk står klar til opning våren 2024, og representerer eit stort steg framover for oss.

Klimagassreduksjon og berekraft har vore sentralt, og eg vil gje honnør til kvar og ein av dykk for innsatsen for å sette desse temaa på agendaen. Me har hatt god framgang på området, men har mykje ugjort og sterke ambisjonar for tida framover.

På den politiske arenaen har me arbeidd aktivt med rammeverket for drifta. Me har vore tydelege i dialogen med politiske aktørar. Dette arbeidet er avgjerande for evna vår til å skapa verdiar for selskapet og samfunnet i framtida.

HMS står framleis øvst på agendaen. Me forpliktar oss til å sikra at alle våre medarbeidarar har trygge arbeidsplassar og går friske heim kvar dag.

Salsorganisasjonen arbeider med ny sals- og marknadsstrategi, som skal sikra vidare vekst i dei segmenta og marknadene me siktar oss inn mot. Våre merkevarer ehar fått ny design, og me er klare for å møta forbrukaren sin etterspurnad med innovasjon og kvalitet i alle ledd.

Til slutt vil eg takka alle våre tilsette, eigarar og styremedlemmer, for deira lidenskap og engasjement. Eg verdset også våre samarbeidspartnarar og leverandørar høgt, samt støtta frå lokalmiljøet og kommunane me driv i, som alle er avgjerande for suksessen vår.

Saman står me sterke, klare til å møta eit nytt år med nye moglegheiter.

Med varme helsingar

Linda Litlekalsøy Aase

konsernsjef



Linda Litlekalsøy Aase – Konsernsjef

Innhald

HELING FRÅ KONSERN SJEFEN	2	FISK	9	STYRET SI ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2023	16	Kontantstraum konsern	21
Våre lokalitetar	4	Berekraftig lakseproduksjon – kjerna i vår verksemd	9	Året oppsummert	17	Kontantstraum frå drift	21
Eigarskap	5	Innovativ føringsstrategi	9	Nøkkeltal og høgdepunkt	18	Kontantstraum frå investeringar	21
LEIING	6	Biosikkerheit og biologi i sjø	9	Bremnes Seashore-konsernet	19	Kontantstraum frå finansiering	21
Konsernstrategi	7	Leiarskap og kontinuitet i drifta	9	Finansielle resultat	20	Årsresultat morselskap	21
Overordna organisering	8	Nyskapande tilnærmingar til laksen sin velferd	9	Konsernresultat	20	Årsresultat konsern	21
		Framsteg på land	10	Omsetning og volum	20	Disponering av resultat morselskap	21
		FOLK	11	Materialkostnad	20	Disponering av resultat konsern	21
		Kompetanse	11	Løns- og personalkostnader	20	Vidare drift	21
		HMS og sjukefråvær	11	Andre driftskostnader	20	ESG	21
		Likestilling og mangfald	11	Driftsresultat (EBIT)	20	Forsking og utvikling	22
		MILJØ	13	Finanskostnader	20	Helse, miljø og sikkerheit	22
		Klima	14	Skatt	20	Tilsette	23
		Klimarekneskapan	15	Konsesjonar	20	Likestilling og mangfald	23
				Likviditet og kapitalressursar	20	Compliance og forretningsetikk	24
				Kontantstraum morselskap	21	Marknadsutsikter	24
				Kontantstraum frå drift	21	Resultatrekneskap	25
				Kontantstraum frå investeringar	21	Balanse - eideelar	27
				Kontantstraum frå finansiering	21	Balanse - eigenkapital og gjeld	28
						Kontantstraumoppstilling	30

Våre lokaliteter


SYMBOLFORKLARING

-  Sjølokalitet
-  Settefisk
-  Tilvekstsenter
-  Salsavdeling
-  Slakteri, foredling og administrasjon




SALSKONTOR UTANLANDS:

-  **Salmon Brands** • STOCKHOLM
-  **Salmon Brands** • PARIS
-  **Sjór** • BEIJING




Eigarskap

Morselskap i konsern, eigedom og aksjar




Seashore Land AS

Produksjon av smolt og postsmolt




Seashore Sjø AS

Sjøbasert lakseproduksjon




Seashore Shipping AS

Reiarlag




Seashore Industri AS

Slakteri og foredling



Salmon Brands AS

Marknadsføring og sal av SALMA-produkt



Sjør AS

Sal, distribusjon og eksport av heilfisk og foredla laks




Tytlandsvik Aqua AS

Produksjon av post-smolt



Sævareid Fiskeanlegg AS

Produksjon av smolt



Tubilah AS

Produksjon av kveite

Leiling

Bremnes Seashore-konsernet er organisert i dei tre kjerneverksemdene oppdrett, ressursstyring og industri, og marknad, støtta av konsernfunksjonar for HR, Compliance, økonomi og utvikling.

Selskapet er leia av konsernsjef Linda Litlekalsøy Aase, og konsernleiargruppa består i tillegg av økonomidirektør Dagfinn Aase, HR-direktør Anne Marie Meling, Compliance-direktør Silje Kathrine Alvsvåg, strategidirektør Laila Knarvik, utviklingsdirektør Simon Nesse Økland, oppdrettsdirektør Jon Vikanes Buchvold, fabrikkdirektør Geir Ivar Ådnanes og salsdirektør Kristine Evensen.

Leiargrupper og arbeidslag i konsernet er organisert etter kjerneverksemdar, uavhengig av selskapsorganiseringa. Dette har ført til tettare integrasjon av funksjonar på tvers av selskapa, og gir leiinga eit meir samla bilete av drifta på konsernnivå.



F.v. Kristine Evensen, Simon Nesse Økland, Linda Litlekalsøy Aase, Jon Vikanes Buchvold, Laila Knarvik, Anne Marie Meling, Silje Kathrine Alvsvåg, Dagfinn Lie og Geir Ivar Ådnanes

Konsernstrategi

Visjon

Vi set standarden for kvalitetslaks

Styrande prinsipp



FOLK



FISK



MILJØ



LØNNSEMD

Strategi

OPPDRETT

Auke produksjon og overleving

INDUSTRI

Auka produktivitet og kostnadseffektivitet

SALG

Auka lønnsemd, optimal portefølje og merkevare

Leiaprinsipp



VER TILGJENGELEG



SNAKK UT



SJÅ OPP



BYGG TEAM



LØFT FRAM

Verdiar



UTVIKLING



TRUVERD



ARBEIDSGLEDE

Bremnes Seashore-konsernet sin Code of Conduct, eller etisk standard, legg føringar for korleis tilsette og selskapet skal handle. Standarden skildrar at vi skal bry oss om folk, ha ein god forretningspraksis og at vi skal verne om konsernet – og konkretiserer desse områda i detaljerte punkt.

Vi har prosedyre for varslings, og det er oppretta eit eksternt varslingsmottak hos rådgivingselskapet Ernst & Young AS. Tilsette og eksterne interessentar kan varsle om kritikkverdige forhold i vår verksemd og brot på lover, reglar og standardar. Vi mottok ingen varsel i 2023.

Eit tilpassa opplæringsprogram for alle tilsette sikrar at Code of Conduct og andre sentrale dokument er kjend i organisasjonen. Opplæringa er knytt til kva risikofaktorar dei ulike verksemdene og avdelingane har i si drift.

Risikostyring er aktivitetar og tiltak som vi gjer for å styre risiko, slik at vi når våre mål. Helhetligskapleg risikostyring handlear om å fordele ressursear for å oppnå en balanse mellom å skape verdiar og beskytte verdiar. Risikostyring Dette er eit kontinuerleg arbeid for å sikre felles forståing for dei risikoområda som ligg i verksemda. Systemet består av ein policy for risikostyring, ei overordna risikoanalyse på


konsernnivå og mange analyser i dei ulike avdelingane. Vi arbeider for tida for å gjere risikoforståinga meir dynamisk og som eit verktøy for strategiske beslutningaravgjerder.

Jamlege internrevisjonar og leverandørrevisjonar gir oss innsikt i kva område vi, og våre leverandørar, må arbeide vidare med. I 2022 gjennomførte vi 45 internrevisjonar i alle våre avdelingar. I tillegg tok vi imot 38 eksterne revisjonar frå styresmakter, sertifiseringsordningar og kundar. Vi har også sett i verk selskapsgjennomgang på konsernnivå.

Etter innføringa av openheitslova har vi gjennomført aktsemdsvurderingar av våre leverandørar, og følgjer opp tilhøvet til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørledda. Vi avdekka risiko, men ingen brot i 2023.

Vi gjennomfører årlege interessentmøte ved alle våre anlegg. Her drøftar vi med naboar, lokale organisasjonar, sivile foreiningar og offentlege styresmakter korleis vår drift påverkar lokalsamfunna. Ordinære innspel og klager frå eksterne interessentar blir følgt opp systematisk.

Overordna organisering



Fisk

Produksjon av laks er levebrødet vårt, og vi arbeider kvar dag for at fisken skal vere frisk og sunn. Slik skapar vi kvalitetsprodukta som kundane etterspør.

Berekraftig lakseproduksjon – kjerna i vår verksemd

Produksjon av laks utgjer kjerna i vår verksemd ved Bremnes Seashore, og vi engasjerer oss kvar einaste dag for å sikre at fisken vår er frisk, sunn og av høg kvalitet. Dette engasjementet gjenspeglar seg i kvalitetsprodukta våre, som er høgt etterspurde av kundane.

Innovativ fôringsstrategi

Gjennom 2023 implementerte vi ei samordna fôringsstrategi frå vårt sentrale fôrsenter på Serklau på Bømlo, ein strategi som er med på å sikre effektiv og kontrollert foring av fisken vår. Som medlem av Salmon Group, er vi del av eit innkjøps-samarbeid som sikrar oss tilgang til høg-kvalitetsfôr, noko som er avgjerande for fisken sin vekst og helse.

Biosikkerheit og biologi i sjø

Året 2023 stod i biosikkerheitens teikn, med utfordringar som krevde vår fulle merksemd, særleg med fire påvisningar av laksesyjukdomen ILA. Vi styrka våre biosikkerheitstiltak, inkludert redusert bruk av eksterne brønnbåtar og innføring av generasjonsspesifikt utstyr på våre lokalitetar. Eit viktig steg i kampen mot ILA var også vaksininga av fisken vår mot denne sjukdomen.

Leiarskap og kontinuitet i drifta

For å sikre stabilitet og kontinuitet i vår produksjon, etablerte vi faste driftsteam, med dedikerte driftsleiarar og operatørar, noko som bidrar til konsekvent høg kvalitet og effektivitet på våre anlegg.

Nyskapande tilnærmingar til laksen sin velferd

Vi har også tatt i bruk oppdretta berggyllt som ein del av vår strategi mot lakselus, med lovande resultat frå lokalitetane Loddetå og Tittelsnes. I tillegg har vi implementert Aquabyte-teknologien, som gjer det mogleg å overvake og telje lakselus presist og utan å forstyrre fisken.



Christoffer Landmark frå Landmark Maskin sprenger vekk fjell og lagar klar ny industritomt i Kvednavikjo

Framsteg på land

På landbaserte anlegg har vi også gjort betydelege fremskritt, med introduksjonen av ein ny vintersårvaksine og investering i nye vaksinemaskinar, som vil forbetre vaksinasjonsprosessen og tilby fleire vaksinekombinasjonar for smolten vår.

Med igangsettinga av hall 4 i Tytlandsvik, har vi auka vår produksjonskapasitet betydeleg, noko som vitnar om vår kontinuerlege vekst og engasjement for berekraftig laksproduksjon.

Ved å kombinere nyskapande teknologi, streng biosikkerheit, og ein engasjert tilnærming til fisken sin velferd, står Bremnes Seashore fast ved vår forplikting til å produsere høgkvalitets laks på ein ansvarleg og berekraftig måte.

Folk

Dyktige, stolte og motiverte tilsette er nøkkelen til at vi skal utvikle oss som selskap.

Kompetanse

I konsernet hadde vi 12 lærlingar innan akvakultur og automasjonsfaget og ein praksiskandidat i 2023. Fem Fire av desse avslutta læretida i løpet av året, der to av dei har fått jobb vidare i selskapet.

Bremnes Seashore var eit av selskapa som engasjerte seg for å sikre vidareføring av den yrkesfaglege vidaregåande skulen på Bømlo, der målet var å behalde eksisterande linjer, samt å få på plass ei naturbruks- og akvakulturlinje. Vi vann anbodskonkurransen om pedagogisk innhald i og drift av undervisningskonsesjon, og hausten 2023 starta endeleg VGI akvakulturlinja opp, der vi er Vestland fylke sin samarbeidspartnar ved drift av undervisningskonsesjonen. Å få på plass akvakulturlinje i Sunnhordland vil vere eit viktig bidrag for å sikre rekruttering til bransjen og lærlingar til bedrifta framover

HMS og sjukefråvær

HMS-arbeid er et lagspel, der vi som selskap ikkje er betre enn det svakaste leddet. Vi kartlegg difor systematisk risiko i organisasjonen, og tilsette melder inn sikkerheitsobservasjonar. Gjennom 2023 blei det meldt inn 1 400 observasjonar, mot 873 året før. H-verdien, som er eit mål på fráværsskadar, enda på 18,4 i 2023 – ned frå 19,1 i 2022. Talet er framleis for høgt, og vi kjem difor til å legge enda sterkare vekt på HMS i tida framover.

Sjukefråværet i konsernet enda på 7,6 prosent i 2023, mot 6,5 prosent i 2022. Det er gjennom året sett i verk prosjektgrupper for både fabrikk og oppdrett, som har kartlagt moglegheiter for tilrettelegging og alternativt arbeid i dei ulike avdelingane. Ved foredling og pakkeri i Kvednavikjo har vi månadlege attføringsutvalsmøte med NAV.

Likestilling og mangfald

Bremnes Seashore skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for alle, og vi arbeidar planmessig for å sikre at diskrimineringslova sitt formål blir følgt. Dette gjer vi blant anna gjennom rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og vern mot trakassering. Vidare har vi som mål å vera ein arbeidsplass der ingen blir diskriminert grunna redusert funksjonsevne, og vi arbeider for at dei fysiske forholda i verksemda skal kunne nyttast av flest mogleg.

Havbruksnæringa har tradisjonelt vore ein mannsdominert næring. Vi ser at delen kvinner som søker seg til næringa har økt dei siste åra, noko kjønnsbalansen i konsernet også viser. I 2023 begynte Linda Litlekarlsøy Aase som konsernsjef, og ble med det fyste kvinne i denne stillinga i Bremnes Seashore AS. Konsernleiinga består i dag av fleire kvinner enn menn.



Marius Larsen, Lars Vegar Steine og Frida Krumsvik Gauthun tar imot smolt

Gjennom 2023 starta vi dialog med NAV om å inngå ein avtale om «Strategisk partnerskap», for å vidareutvikle vårt samarbeid. Inkludering, kompetanseheving, førebyggjande arbeid og sysselsetting er sentrale moment i eit dette partnerskapet, og ein slik avtale vil signerast våren 2024.

Arbeidet med å fremme likestilling og identifisere risikoar for diskriminering er ein integrert del av partssamarbeidet, vernarbeidet og administrasjonen sitt rapporterings- og forbetningsarbeid.

Spørsmål om arbeidsmiljø, jobb-privatliv-balanse, mobbing og trakassering inngår i den årlege medarbeidarundersøkinga. I tillegg er arbeidsmiljø, likestilling og utvikling ein del av rapporteringa til styret.

Vi har tilsette frå 26 ulike nasjonalitetar. Særleg innan fiskeindustrien er det eit stort mangfald i arbeidsstokken. Etter som god språkforståing blant dei tilsette er viktig for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø, dekker vi kursavgift for tilsette som har behov for norskopplæring

Miljø

Matproduksjon påverkar omgivnadane, og vi har ansvar for å forvalte miljøressursane rundt oss på ein god måte.

Eksterne og uavhengige organ undersøker miljøtilstanden og sjøbotnen rundt anlegga våre, i tråd med krav frå myndighetene, kundane og sertifiseringsordningane.

Vi brakklegg lokalitetane mellom kvar generasjon. I takt med at vi aukar storleiken på smolten, og derfor reduserer tida laksen står i sjø, har vi brakklagt lokalitetane i lengre periodar.

Når anlegga er nær full produksjon gjer vi undersøkingar av sjøbotnen under merdane (B-undersøkingar) og i eit større område (C-undersøkingar). Ved årsskiftet var tilstanden under alle våre anlegg anten veldig god (tilstand 1) eller god (tilstand 2) i B-undersøkingar.

Ved tildeling av nye lokalitetar gjennomfører vi ei tredjeparts konsekvensutgreiing for biologisk mangfald, der miljøet på havbotnen, verneområde og raudlisteartar blir kartlagde i områda rundt lokaliteten. Artsmangfaldet rundt lokalitetane er

viktig for oss. Sjølv med gode tiltak for å redusere påverknaden hendar det at vi finn daude fuglar og pattedyr ved anlegga våre. Gjennom året er det funne 16 daude fuglar ved lokalitetane våre, og eitt individ er avliva. Av desse er ti sårbare artar (fiskemåke, svartand og gråmåke). I tillegg er to individ av usikker art, anten den livskraftige arten toppskarv eller storskarv, som er nær truga.

Konsernet brukte om lag 28 GWh elektrisitet i 2023, noko som er stabilt frå året før. I produksjonen brukte vi 6 226 tonn drivstoff (bensin, diesel og MGO) inkludert brønnebåtar, 166 tonn propan og 332 tonn CO₂.

Avfallet vårt skal handterast på ein riktig måte og ikkje hamne på avvegar. Våre prosedyrar for kjeldesortering og returordningar for avfallet frå produksjonen vår skal sikre dette. Reduksjon av avfallsmengde, auka sorteringsgrad og lengre levetid på innsatsfaktorar er viktige mål framover.

Gode prosedyrar og varslingsrutinar, øvingar og system for kriseberedskap gjer at vi skal vere klare dersom det oppstår uventa hendingar som kan påverke miljøet. Ved slakteriet i Kvednavikjo står industrivernet klart dersom hendingar skulle oppstå.

Bremnes Seashore har ansvar for damtryggleiken ved dei vassdraga der vi har konsesjon frå Noregs vassdragsog energidirektorat. Åtte dammar ved settefiskanlegga i Skålevik og Trovåg har konsesjon frå NVE, og ved to av vassdraga vil dambrot få meir enn ubetydelege konsekvensar. Gjennom prosedyrar, tilsyn og intern vassdragsteknisk ansvarleg følgjer Bremnes Seashore opp damtryggleiken. Det er gjennomført tilsyn ved alle våre anlegg i 2023.



Hybridbåten MS «Ida»

Klima

Lakseoppdrett er ein klimaeffektiv form for kjøttproduksjon. Vi arbeider likevel medvite for å redusere utsleppa våre, både i eigen produksjon og for innkjøpte varer og tenester. Målet vårt er å redusere egne klimagassutslepp med 45 prosent frå 2020 til 2030.

Bremnes Seashore eig Sjør, og det er rekna inn utslepp frå eksport av eit betydeleg større volum enn Bremnes Seashore produserer sjølv. Fisk kjøpt av andre oppdrettarar, og som er slakta ved vårt slakteri, er også rekna inn.

Våre egne utslepp er isolert sett viktige, men bidraget vårt kan bli betydeleg større dersom vi kan vise fram gode løysingar også for andre oppdrettarar og matprodusentar. Vi har i 2023 ein nedgang på 125 574 tonn CO₂e eller 32 prosent, sidan referanseåret 2020. Nedgangen skuldast også lågare innkjøp av fôr og ekstern fisk og mindre bruk av flyfrakt i 2023.

Dei største utsleppa våre er alle i leverandørleddet, eller Scope 3, etter GHG-protokollen. Vi arbeider difor systematisk for å sette tydelege krav i alle innkjøpsavtalar vi inngår. Dei tre største utsleppsfaktorane er kjøp av laksefôr, kjøp av laks frå andre oppdrettarar og

transport av laksen fram til kundane. Vi arbeider difor langsiktig med fôrleverandørane, samtidig som vi ser etter alternativ til flyfrakt.

Klimarekneskapen er hefta med usikkerheit, sidan datakvaliteten frå leverandørkjeda er svært varierende. Vi må no i stor grad basere oss på informasjon frå leverandørar, som vi i avgrensa grad har hatt høve til å kontrollere. Dette førar med seg at også tala for tidlegare år er ulike frå tidlegare rapporteringar, i tråd med at vi får betre informasjon frå leverandørane. Framover vil vi arbeide å styrke datakvaliteten, samtidig som vi vil sette i verk fleire tiltak for reduksjonar fram mot 2030.

Klimarekneskapen

Utslipp, mt CO ₂ e	2023	2022	2021	2020	Δ% 2020	Δmt 2020
Scope 1	17 249,54	18 537,66	14 026,59	10 748,68	-60,48 %	-6 500,86
Kjøretøy	20,04	13,88	8,23	5,17	-287,62 %	-14,87
Drivstofforbruk	16 897,25	18 189,10	13 151,50	10 105,59	-67,21 %	-6 791,66
Gasser	332,25	334,68	866,86	637,92	47,92 %	305,67
Scope 2	0	0	0	10 305,86	100,00 %	10 305,86
Energiforbruk markedsbasert*	0	0	0	10 305,86	100,00 %	10 305,86
Energiforbruk lokasjonsbasert*	530,46	308,46	500,98	442,42	-19,90 %	-88,04
Scope 3	258 974,69	297 893,17	335 451,76	384 549,25	32,66 %	125 574,56
Kjøpte varer og tjenester	126 392,26	171 850,32	168 681,42	221 553,70	42,95 %	95 161,44
Drivstoff- og energiaktiviteter	4 009,39	4 212,69	3 072,90	2 295,22	-74,68 %	-1 714,17
Avfallshåndtering	47,44	304,21	70,63	16,81	-182,21 %	-30,63
Tjenestereiser	157,00	186,27	117,23	142,43	-10,23 %	-14,57
Nedstrøms transport	112 735,69	121 077,69	163 509,58	160 541,09	29,78 %	47 805,40
Investeringer	16 132,96	261,99	0	0		-16 132,96
Sum	276 724,29	316 430,83	349 478,35	405 603,79	31,90 %	129 379,56
Omsetning	5 896 037	6 266 286	5 242 420	3 116 120		
CO₂e per 1000 kr	46,69	50,50	66,66	130,16		
Seld volum (gwt)	54 529	65 750	72 462	53 353		
CO₂e per kg seld volum (gwt)	5,10	4,82	4,82	7,60	32,90 %	



Styret si årsmelding og rekneskap for 2023

Frå venstre: Nils Viga, Bjørn Willy Sæverud, Laila Knarvik, Simen Birkelund, Olav Svendsen, Jan Sverre Røsstad, Hans-Petter Nesse, Bjørnar Michaelsen-Svendsen og Jarle Jensen.

ÅRET OPPSUMMERT

Året 2023 var krevjande - med store endringar i eksterne rammevilkår og biologiske utfordringar i sjødrifta.

Spesielt har grunnrenteskatt som Stortinget vedtok på produksjon av laks i sjø endra rammevilkåra våre betydeleg. Satsen på skatten vart i 2023 vedtatt til 25 % i tillegg til eksisterande skattar. Det vart også vedtatt eit botnfrådrag på 70 millionar kroner.

Sidan grunnrenteskatten berre dekkar ein spesifikk del av verdikjeda for norsk oppdretta laks, var det viktig å tydeleg skilja mellom aktivitet på innsida og på utsida av grunnrenteskattregimet. Arbeidet med endringa i selskapsstruktur representerte betydelege kostnader.

Framleis uro knytta til kva pris ein skal bli skatta for, aukar uvissa vår. Per no veit me ikkje korleis normprisen for grunnrenteskatten vil slå ut. Styret har ei forventning om at konsernet skal bli skatta etter faktiske prisar, og ikkje ut frå ein kunstig og/eller feil normpris. Skatten har ført med seg nedskalerte, utsette eller avlyste investeringar, stor usikkerheit og nedbygging av marknadsarbeidet, og permitteringar.

Det vart gjort fleire anmodningsvedtak i samband med forliket om grunnrenteskatt. Mellom anna var det semje om at det i løpet av våren 2024 skulle leggjast fram tiltak for meir foredling i Norge. Me har store forventningar til dette.

Fargelegginga av trafikklysa i våre produksjonsområde skulle gjerast i 2024. Saman med dei andre aktørane i næringa forsøkte Bremnes Seashore å halda lusetala låge. Men til tross for lågare lusetal i 2023 valde regjeringa i 2024 å fargeleggja PO3 raudt, altså ein reduksjon i vår tillatte biomasse på 6 %. I PO2 vart trafikklyset gult, noko som ikkje innebar endring i tillatt biomasse. Sidan me har 2/3 av vår produksjon i PO3, vart vår samla tillatte biomasse redusert med 4 % i 2024. Styret meiner det er uheldig at ein oppdrettar ikkje veit kva som skal til for å oppnå gult eller grønt lys før etter at villaksen er evaluert, og at det er usikkerheit rundt kunnskapsgrunnlaget for vurderinga. Kombinert med ei forventa ny havbruksmelding i 2025, der trafikklyssystemet og lusekrav er å forventa at vert vesentleg endra, kunne regjeringa vald å nytta seg av retten til å ikkje påføra næringa nedtrekk. Eit nedtrekk trugar arbeidsplassar i industrien på land, spesielt på Vestlandet.



Gunn Agnes Hellen er ny driftsleiar i Skålevik

Som mange andre i vår bransje har me opplevd at endringane i rammevilkåra har stilt større krav til oss både strategisk og operativt. Me har gjennom 2023 soleis hatt høgt fokus på strategiarbeid og gjennomført vesentlege omorganiseringar blant anna for å integrere verdikjeda vår enda tettare. Dette gjer me for å sikre at konsernet og produkta skal halde fram som relevante for våre kundar. Sentralt i dette arbeidet står vår overtyding om samanhengane mellom fiskevelferd og kvalitet. I tillegg er berekraftstilnærminga i alle delar av produksjonen og sikring av sunn mat berande element. Me har lagt større vekt på alle dei positive moglegheitene som ligg føre oss, og har gjennom iverksetjing av betydelege investeringar i utvida foredlingskapasitet og innføring av ASC-sertifisering gjort grep for å møte endringane i marknaden.

Den samla omsetninga til konsernet var i 2023 på NOK 5 914,2 mill. kroner. Det er ein nedgang på 5,9 prosent samanlikna med 2022.

Oppdrettsverksemda var i 2023 prega av fiskesjukdomen ILA. Sjukdomsutbrota førte med seg tidleg slakting, redusert biomasse i sjø og påfølgande utfordringar

med produksjons- og slakteplanlegging. Perlesnormanetar ved fleire lokalitetar førte i tillegg til noko forauka dødelegheit og forsert utslakting. Biologiske utfordringar i sjøproduksjonen har i 2023 i betydeleg grad påverka konsernresultatet negativt.

I Kvednavikjo har 2023 vore prega av byggearbeid, med fjerning av fjell og planering av nytt næringsareal – og utbygging av nytt kjølebygg og utvida foredlingsareal. Den biologiske situasjonen i 2023 har forplanta seg til redusert tilgang på slakteklar fisk i første del av 2024, noko som har ført til nedstenging av slakteriet og foredlingsverksemda i ti veker mellom februar og april 2024. Nedstenginga førte med seg omfattande permitteringar i organisasjonen. Situasjonen kunne vore unngått dersom styresmaktene hadde lagt til rette for ein meir sesongtilpassa maksimal tillaten biomasse.

Nøkkeltal og høgdepunkt

(I millionar NOK med mindre anna er opplyst)

Finansiell informasjon	2023	2022	2021
Sum inntekter	5 914,2	6 284,8	5 249,0
Resultat før finansposter og skattekostnad	178,7	171,8	183,8
Driftskostnader	5 601,4	5 977,1	4 916,8
Årets resultat	49,9	134,2	133,1
Kortsiktig gjeld	1 064,1	1 016,2	726,5
Langsiktig finansiell gjeld	261,5	75,4	439,6
Netto rentebærande gjeld	636,4	414,1	323,0
Sum egedeler	3 229,2	2 905,2	2 898,0
Aksjekapital	6,1	6,1	6,1
Sum egenkapital	1 625,6	1 633,9	1 564,2
Netto gjeld over sysselsatt kapital %	29,4 %	21,9 %	14,9 %
Berekna ROACE %	8,3 %	9,1 %	8,5 %
Operasjonell informasjon			
Slaktevolum laks (mt gwt)	23 722,8	27 308,8	26 213,8
Ståande biomasse sjø (mt lw)	13 702,5	17 251,5	18 069,1
Gjennomsnittleg MTB-utnytting	81,4 %	91,5 %	90,6 %



Slakteriet i Kvednavikjo er «Ikejime»-sertifisert som einaste norske anlegg.

BREMNES SEASHORE-KONSERNET

Bremnes Seashore har hovudkontor i Bømlo kommune, med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, og salskontor i Bergen, Oslo, Stockholm og Paris. Verksemda til Bremnes Seashore omfattar i all hovudsak oppdrett av storsmolt og matfisk, samt slakting, pakking, foredling og sal av oppdrettslaks og lakseprodukt.

I 2023 gjennomførte konsernet ei større endring i selskapsstrukturen, der dei ulike aktivitetane i verdikjeda vart skilde ut som eigne selskap – Seashore Land, Seashore Sjø, Seashore Shipping, Seashore Industri, Sjør og Salmon Brands. I tillegg vart konsernfunksjonane samla i morselskapet – som også endra namn frå Bremnes Fryseri til Bremnes Seashore.

Visjonen vår er å sette standarden for kvalitetslaks. Me jobbar for å oppnå denne visjonen ved å sikre god kvalitet gjennom heile verdikjeda. For oss handlar kvalitet om god fiskevelferd, trygg mat og ansvarleg miljøarbeid. Produkta våre skal alltid ha god hygiene og vere ferske, for å levere den kvaliteten me er kjende for. Me prioriterer kunnskapsbygging og innovasjon for stadig å forbetra kvaliteten i heile verdikjeda.

Som ein leiande produsent av kvalitetslaks må me styrke posisjonen vår som ein føretrekt leverandør med høg kundetilfredsheit. Me gjer dette ved å fremje tiltak for kvalitet gjennom heile verdikjeda og samarbeide med kundane for å skape langsiktig verdi.

Vårt strategiske fokus ligg på folk, fisk, miljø og lønsemd. Ved å ta vare på desse faktorane, skapar me lønsam og berekraftig drift. Me arbeider for å sikre berekraftig lakseproduksjon, og at ressursane våre vert brukte ansvarleg. Me ser god fiskevelferd, berekraft og lønsemd som ein heilskap. Dette viser me gjennom våre krav til samarbeidspartnarar, innovasjonskulturen vår og ved å sikre gode arbeidsplassar gjennom ansvarleg produksjon og lokal verdiskaping.

Gjennom investering i storsmolt, samarbeid med naturlege partnarar og målretta organisering, vil me forbetra biologiske føresetnader og auke overlevinga og produksjonen på sjø under eksisterande løyve.

Me når lønsemd ved å fokusere på biologi i produksjonen, digitalisering og å leggje til rette for optimal produksjon. Me vil oppnå større verdiskaping gjennom langsiktige satsingar på storsmolt, ASC-sertifisering, betre biologisk produksjon og auka foredling.

Innovasjon og foredling av vårt kvalitetsråstoff til attraktive produkt vil sikre meirverdi for konsernet.

FINANSIELLE RESULTAT

Dei finansielle resultatata er skapt i interaksjonen mellom menneske, biologi og teknologi. Langsiktig suksess kviler på eit godt samspel mellom desse, i tillegg til vekst basert på miljømessig og finansiell berekraft

KONSERNRESULTAT

Omsetning og volum

Omsetninga for 2023 var NOK 5 914,2 millionar, som var ein nedgang på 5,9 %, eller NOK 370,6 millionar, samanlikna med omsetninga på NOK 6 284,8 millionar i 2022. Total kontraktsandel for sløgd laks (HOG) i 2023 var 17,2 %.

Konsernet hadde eit slaktevolum på 23 723 tonn fisk i 2023. Dette er en nedgang på 3 586 tonn frå året før. Det vart prosessert totalt 35 587 tonn fisk gjennom året, noko som er ein nedgang på 8 037 tonn, eller 18,4 %, samanlikna med 2022.

Materialkostnad

Varekostnaden for 2023 enda på NOK 4 009,8 millionar, ein nedgang på 8,1 %, eller NOK 351,0 millionar, samanlikna med varekostnaden på NOK 4 360,8 millionar i 2022

Løns- og personalkostnader

Totale løns- og personalkostnader for 2023 var NOK 468,5 millionar, som var ein auke på 0,7 %, eller NOK 3,3 millionar, samanlikna med NOK 465,2 millionar i 2022. Auken kom hovudsakleg frå lønsvekst.

Andre driftskostnader

Samanlikna med 2022 var det ein nedgang i andre driftskostnader NOK 28,1 millionar, eller 2,4 %, gjennom 2023. Nedgangen i kostnadene kjem hovudsakleg frå nedgang i kostnader i forbindelse med transport og frakt frå salsaktivitetane som er klassifisert under andre driftskostnader som følgje av nedgang i seld volum.

Driftsresultat (EBIT)

EBIT i 2023 vart NOK 178,7 millionar – ein auke på 4,1 % samanlikna med NOK 171,8 millionar i 2022.

Finanskostnader

For 2023 auka kostnadene til NOK 18,2 millionar, samanlikna med NOK -0,1 millionar i 2022. Utviklinga kjem frå auke i rentekostnader. Gjennomsnittleg renteberande gjeld auka frå NOK 368,6 millionar i 2022 til NOK 525,2 millionar i 2023. Netto renteberande gjeld var per 31. desember 2023 totalt NOK 636,4 millionar.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valuta-risiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet har sett det som naudsynt, har me styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Skatt

For 2023 vart skattekostnaden på NOK 110,7 millionar, samanlikna med NOK 37,7 millionar i 2022. Årsaka til auke i skattekostnaden var implementeringseffekt knytta til grunnrenteskatt som utgjør NOK 76,1 millionar. Skattekostnaden, justert for implementeringseffekt, utgjør NOK 34,6 millionar. Viser til note 5 for meir informasjon.

KONSESJONAR

Konsernet har 21,8 ordinære konsesjonar i tillegg til 4,0 forskings- og utviklings-konsesjonar og samarbeid med NOFIMA om 1,5 forskings- og utviklings-konsesjonar. Den bokførte verdien av konsesjonsrettane er i årsrekneskapen oppført med NOK 242,8 millionar for 2023, uendra frå 2022. Den gjennomsnittlege netto utnyttinga av konsesjonane var 81,4 % i 2023. Samanlikna med 91,5 % i 2022, utgjør dette ein markant nedgang som kjem som følge av større biologiske utfordringar frå andre kvartal 2023. Vidare satsing på biosikkerheit og framhald i satsinga på større gjennomsnittsvekt på smolt som vert sett ut, vil gje konsernet kortare produksjonstid i sjø og auka hausting per konsesjon.

LIKVIDITET OG KAPITALRESSURSAR

Dei viktigaste likviditetsressursane våre er kontantbeholdning, inntekter frå drift og finansiering frå selskapet sin hovudbank. Likviditetsbehovet kjem hovudsakleg gjennom varekostnader, inkludert ekstern fisk og fiskefôr, investeringar, annan arbeidskapital, og kapitalkostnader til behandling av gjeld og utbytte. Dagens beholdning av kontantar er tilstrekkeleg for å dekke arbeidskapitalbehova i ordinær verksemd.

KONTANTSTRAUM MORSELSKAP

Kontantstraum frå drift

For 2023 enda kontantstraum frå drift på NOK -45,5 millionar, samanlikna med NOK -96,6 millionar for 2022.

Kontantstraum frå investeringar

Kontantstraum frå investeringar var NOK -185,4 millionar for 2023, mot NOK -77,8 millionar i 2022 – nedgang på grunn av auka investeringsaktivitet i 2023.

Kontantstraum frå finansiering

Kontantstraum frå finansiering var NOK 235,0 millionar for 2023, samanlikna med NOK 175,0 millionar i 2022. Kontantstraum frå finansiering kom frå netto regulering av gjeld, mottatt konsernbidrag og utbetaling av utbytte.

KONTANTSTRAUM KONSERN

Kontantstraum frå drift

For 2023 enda kontantstraum frå drift på NOK 212,8 millionar, samanlikna med NOK 127,4 millionar for 2022. Auken kom frå nedgang av varelager og netto krav.

Kontantstraum frå investeringar

Kontantstraum frå investeringar var NOK -370,1 millionar for 2023, mot NOK -218,4 millionar i 2022 – nedgang på grunn av auka investeringsaktivitet i 2023.

Kontantstraum frå finansiering

Kontantstraum frå finansiering var NOK 172,2 millionar for 2023, samanlikna med NOK -141,9 millionar i 2022. Kontantstraum frå finansiering kom frå netto regulering av gjeld og utbetaling av utbytte.

ÅRSRESULTAT MORSELSKAP

Resultatet etter skatt kom på NOK 45,3 millionar. Dette er ein nedgang på NOK 19,4 millionar samanlikna med NOK 64,7 millionar i 2022.

ÅRSRESULTAT KONSERN

Resultatet etter skatt kom på NOK 49,9 millionar. Dette er ein nedgang på NOK 84,3 millionar samanlikna med NOK 134,2 millionar i 2022.

DISPONERING AV RESULTAT MORSELSKAP

På den komande generalforsamlinga vil styret foreslå at årsresultatet på NOK 45,3 millionar skal disponerast som følger: NOK 60,0 millionar avsettast til utbytte, og NOK 14,7 millionar overførtast frå anna eigenkapital.

DISPONERING AV RESULTAT KONSERN

På den komande generalforsamlinga vil styret foreslå at årsresultatet på NOK 49,9 millionar skal disponerast som følger: NOK 60,0 millionar avsettast til utbytte, og NOK 10,1 millionar overførtast frå anna eigenkapital.

VIDARE DRIFT

Med bakgrunn i dei finansielle resultatane, vert det i samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfesta at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapslova, og at rekneskapslova gir eit rettmessig bilete av konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle posisjon og resultat. Stadfestinga er basert på rapporterte resultat og konsernet sin strategi, finansielle situasjon og etablerte budsjett.

ESG

I store delar av verda er det eit stadig aukande fokus på berekraft og industriell verdiskaping. Sjømat, og særskilt akvakultur, må i framtida stå for ein større del av verdas matproduksjon. Gjennom CSRD-direktivet vil krava til arbeidet vårt med ESG bli styrka betydeleg frå og med rapporteringsåret 2025. Konsernet arbeider for å vere klare til dette.


I tillegg til krav frå styresmakter i Noreg og EU, møter me heile tida sterkare krav frå kundar og forbrukarar. For langsiktig vekst og utvikling av konsernet og bransjen, er det avgjerande at drifta skjer i tråd med styrkte forventingar og krav til miljø, sirkulære prinsipp, reduksjonar i klimagassutslepp og ansvarleg forretningsframferd.

Ni nye lokalitetar vart ASC-sertifiserte i 2023, og ved utgangen av året var 16 av våre lokalitetar sertifiserte. I løpet av første kvartal 2024 skal alle aktive lokalitetar vere sertifiserte.

Havbruk er proteinproduksjon med eit lågt CO₂-utlepp. Me må likevel arbeide systematisk for å redusere utsleppa, både frå fôr, produksjon og transport. Vårt mål er å redusere utsleppa med 45 prosent fram til 2030, og me vil styrke klimaomstillingsarbeidet i åra framover.

Det er eit mål at oppdrettsverksemda vert driven forsvarleg etter miljømessige mål. Konsernet overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift med akseptabelt fotavtrykk på miljøet.

Berekraftsatsinga vår kjem òg til uttrykk i selskapsstyringa vår. Berekraftsatsinga er sentral i krava me stiller til samarbeids-partnarar i heile verdikjeda, i innovasjons-kulturen vår, og i arbeidet vårt for å sikre gode, trygge og utviklande arbeidsplassar som genererer lokal verdiskaping.



Geir Magne Knutsen saman med professor Sigurd Handeland, UiB. Her under symjetrening av smolt i Swimfit-prosjektet.

FORSKING OG UTVIKLING

I konsernet har me som målsetting å utvikle oss gjennom målretta forskning og utvikling (FoU) saman med utvalde samarbeidspartnarar. Målet vårt er å ha ein trygg og god biologisk produksjon og eit mest mogleg klima- og miljøvenleg fotavtrykk. Gjennom 2023 har me utvikla ny produktportefølje til foredlingsfabrikken som skal opnast i 2024. I samarbeid med Leirvik og Searas har me i 2023 gjennomført ein storskala test av ein ny type RAS-anlegg. Me har gjennom FoU-tillatelsar bidratt til auka kunnskap om både kjønnsmodning, fiskehelse og ernæring som kan gjera lakseproduksjonen enno meir berekraftig i framtida. Ein sunn laks og framtidsretta produkt står sentralt i utviklingsarbeidet vårt. Gjennom samarbeidet med Aquabyte, har me testa maskinlæring og KI på eit utval av våre lokalitetar. Med avanserte kamera i merdane har me utan å måtta røra fisken kunna telja og følgja utviklinga i lusenivået på laksen vår. Teknologien gjer oss også enno betre kontroll på biomasse og mogleggjer overvaking av fleire fiskevelferdsparametar. Framover vil konsernet arbeida enno meir med digitalisering og bruk av KI kombinert med biologisk forståing og teknologi.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT

HMS-arbeidet held fram kontinuerleg. Det er viktig for Bremnes Seashore-konsernet å ha ein levande og innarbeidd HMS-kultur med fokus på åtferd like mykje som det haldningsskapande arbeidet. Konsernet har to hovudverneombod og 15 verneombod fordelt i organisasjonen. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har haldt fire møte i 2023.

Trygt Heim-omgrepet står sterkt i organisasjonen, og skal understreke at me legg vekt på arbeidstryggleik for dei tilsette. Alle skal jobbe så sikkert at dei sjølve og kollegaene kjem trygt heim kvar dag. Styret har stor tru på at gode haldningar, som speglar seg i åtferd og gode val, er nøkkelen til førebygging av alvorlege skadar. For å styrke åtferd og etterleving jobbast det kontinuerleg med å få til ein kultur der kvar tilsett tek ansvar for både eiga og andre si sikkerheit. «Ser du det så eig du det» har blitt kommunisert til alle tilsette gjennom HMS-samlingar arrangert for heile verksemda. Innmelding av sikkerheitsobservasjonar, tett samarbeid med verneutenesta, vernerundar og risikoanalysar bidrar òg sterkt i det førebyggjande arbeidet. I arbeidet med å bli ein lærande organisasjon, vil det i enda større grad bli lagt vekt på erfaringsutveksling frå hendingar.

I 2023 hadde me ein LTI-frekvens på 18,4. Delmålet vårt er mindre enn 12. I dette talet ligg 17 fráværsskadar, der tre var raude HMS-hendingar - to hendingar ved fabrikk og ei hending i oppdrettsverksemda.

Det jobbast kontinuerleg mot å nå Bremnes Seashore-konsernet sin nullvisjon for alvorlege, arbeidsrelaterte personskadar. Det er etablert delmål for kjerneverksemda for å nå denne visjonen. Sikkerheita til dei tilsette og eit sunt arbeidsmiljø står høgt på styret sin agenda, og styret vil ikkje akseptere at ein går på kompromiss med tryggleiken for å møte andre driftsmål. Det vart meld inn 1400 sikkerheitsobservasjonar, noko som er ein auke på 60 prosent frå 2022. Samla sjukefråvær i konsernet utgjorde 7,6 prosent i 2023.

Styret vil framleis arbeide for forbetra helse og tryggleik i den vidare drifta.

TILSETTE

Ved utgangen av 2023 hadde selskapet Bremnes Seashore AS 48 tilsette. Samanlikna med 2022 er dette ein auke på 47 tilsette. Auken er knytta til omorganisering i konsernet.

Ved utgangen av 2023 hadde konsernet 573 tilsette. Samanlikna med 2022 er det ein reduksjon på 17 tilsette. Bremnes Seashore-konsernet jobbar aktivt for å skape trygge og gode arbeidsforhold for alle våre medarbeidarar, og me ønsker å tilby faste heiltidsstillingar til våre tilsette. Frå 2021 til 2023 har det vore ein nedgang i både midlertidige og deltidsstillingar i selskapet. Fiskeindustrien opplever varierende tilgang på råvarer gjennom året. Ein konsekvens av dette er periodiske permitteringar og behov for deltids- og midlertidige stillingar. Bremnes Seashore har derfor gjennom mange år jobba for ei ordning med sesongtilpassa maksimal tillaten biomasse, noko som vil jamne ut tilgangen på råvarer gjennom året.

I konsernet hadde me 12 lærlingar innan akvakultur og automasjonsfaget og ein praksiskandidat i 2023. Fire av desse avslutta læretida i løpet av året, der to av dei har fått jobb vidare i selskapet. Bremnes Seashore var eit av selskapa som engasjerte seg

for å sikre vidareføring av den yrkesfaglege vidaregåande skulen på Bømlo, der målet var å behalde eksisterande linjer, samt å få på plass ei naturbruks- og akvakulturlinje. Me vann anbods-konkurransen om pedagogisk innhald i og drift av undervisningskonsesjon, og hausten 2023 starta endeleg VGI akvakulturlinja opp, der me er Vestland fylke sin samarbeidspartnar ved drift av undervisningskonsesjonen. Å få på plass akvakulturlinje i Sunnhordland vil vere eit viktig bidrag for å sikre rekruttering til bransjen og lærlingar til bedrifta framover.

Styret rettar ein stor takk til alle tilsette for innsatsen som vart lagt ned i 2023.

LIKESTILLING OG MANGFALD

Bremnes Seashore-konsernet er opptatt av å fremje likestilling og mangfald, og å hindre diskriminering. Diskriminering slik det følgjar av diskrimineringslova, er ikkje akseptert hos oss.

Me ynskjer å vera ein attraktiv arbeids-gjevar for alle, og arbeidar følgeleg aktivt og planmessig for å sikre at diskrimineringslova sitt formål ivaretakast. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og vern mot trakassering. Vidare har me som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje diskriminerast grunna redusert funksjons-evne, og arbeider planmessig for at dei fysiske forholda i verksemda skal kunne nyttast av flest mogleg.

Havbruksnæringa har tradisjonelt vore ein mannsdominert næring. Me ser at andel kvinner som søker seg til næringa har økt dei siste åra, noko kjønnsbalansen i konsernet også viser. I 2023 begynte Linda Litlekalsøy Aase som konsernsjef, og ble med det fyste kvinne i denne stillinga i Bremnes Seashore AS. Konsernleiinga består i dag av fleire kvinner enn menn. Konsernstyret består av sju medlemmar, kor ei er kvinne.

I rekrutteringsprosessar er me oppteken av at kvalifikasjonar, kompetanse og personleg eignaheit samanfalle med dei behova stillinga er ment å fylle. Me nyttar anerkjende rekrutteringsverktøy og har rutinar som skal bidra til likestilling mellom kjønna og hindre diskriminering. Me ynskjer å jamne ut kjønnsbalansen, og jobbar kontinuerleg for eit likestilt, inkluderande og mangfaldig arbeidsmiljø.

Bremnes Seashore har tilsette frå mange ulike kulturar, med ein mangfaldig erfaringsbakgrunn. Me har 25 nasjonalitetar representerte i drifta vår.

COMPLIANCE OG FORRETNINGSETIKK

Kulturen vår er bygd på verdiane utvikling, truverd og arbeidsglede. Hos oss er det viktig korleis me skaper resultat – ikkje berre resultat i seg sjølve. Vår drift skal alltid vere i tråd med menneskerettane, og me har nulltoleranse for økonomisk og miljømessig kriminalitet og korrupsjon. Bremnes Seashore-konsernets arbeid med Compliance er forankra i konsernstyret.

Vår oppdaterte Code of Conduct – eller etiske standard – vart implementert i organisasjonen i 2022. Tilsette går gjennom eit årleg opplæringsløp i den etiske standarden. Ein særleg Code of Conduct for våre forretningsforbindelsar skildrar våre forventningar til leverandørar og andre forretningsforbindelsar.

Vår første rapport etter openheitslova §5 vart godkjend av styret i juni 2023 og ligg som eit vedlegg til årsrapporten. Det vart ikkje avdekka faktiske brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettigheter i leverandørkjeda vår. Rapporten ligg også på nettsida vår og i Code of Conduct.

Konsernet har prosedyre for varsling, både frå tilsette og frå eksterne interessentar.

I februar 2019 starta EU-kommisjonen ei etterforsking for å avdekke eventuelle konkurranseskadelege aktivitetar i den norske lakseindustrien. Sjør er eitt av selskapa som er under etterforsking. Basert på EU si etterforsking lanserte konkurransestyresmaktene i USA si eiga etterforsking i november 2019. To gruppesøksmål vart levert av direkte og indirekte kundar i USA, og tre nye gruppesøksmål vart levert i Canada. Desse er no ferdig forhandla og forlikt. Bremnes Seashore tilbakeviser at me har brote konkurranselova og er ikkje kjend med noko form for konkurransevridande åtferd hos oss eller nokre av våre dotterselskap.

Bremnes Seashore vil gå nøye gjennom EU-kommisjonen si etterforsking og halda fram med å samarbeida med kommisjonen i prosessen.

Konsernet har teikna forsikring for styret sine medlemmar og øvste leiing for deira moglege ansvar for føretaket og eksterne. Det har aldri vore naudsynt å bruke forsikringsdekninga ved noko høve.

MARKNADSUTSIKTER

Marknadsutsiktene for 2024 held fram med å være gode for atlantisk laks. Ved inngangen til året var det forventet ein beskjeden 2 % auke i tilbod av laks for heile 2024 samanlikna med 2023. Prisane har halde seg rekordhøge så langt i 2024. Det er framleis sterk etterspurnad i alle dei viktigaste marknadane etter sunn laks til helse-, berekrafts- og smaksbevisste forbrukarar. Til tross for urolige tider på makronivå, med inflasjon, auka levekostnader og auka renter ser me at laksekonsumet held seg høgt og at forbrukarar held fram med å velja laks. Dette viser tydeleg styrken i laksemarknaden.

Bremnes Seashore har god innsikt i både ønsker og krav frå kundar og forbrukarar, og evnar å levere på desse. Me tilpassar oss endra forbrukarvanar og i 2024 vil me sjå ein omlegging og fornying av fabrikkene i Kvednavikjo som i enno større grad vil gjera oss i stand til å levere premium kvalitetsprodukt til kundar og forbrukarar over heile verda.

Styrken til marknaden for fersk laks har blitt testa gjennom auka prisar i fleire år, men etterspurnaden har vore stabil. Ein viktig årsak er foredla lakseprodukt, der trenden er at laksen er flytta vekk frå den tradisjonelle fiskedisken. No er han i stadig større grad å finne

som enkle og brukarvenlege produkt i ferskvareseksjonen i alle typar daglegvarebutikkar. Gjennom produktutviklinga innan laksekategorien, kan kundane i større grad velje ferske, ferdigpakka produkt eller varer med større foredlingsgrad. Denne posisjoneringa blir vurdert som spesielt viktig, då høge prisar har opna for auka landproduksjon nærare marknaden. Me har tru på at ei tydeleg posisjonering, basert på produktkvalitet, berekraft, sunnheit og sterke merkevarer, vil vere eit viktig tiltak for å oppretthalde tilfredsstillande marginar.

Me forventar at det vil vera ein stram balanse mellom tilbod og etterspurnad i 2024, med tilhøyrande høgt prisnivå på laks. Ei svekka krone vil bidra til å forsterka denne utviklinga.

Totalt sett er den globale marknaden for laks svært sterk. Dette, kombinert med arbeidet med å utvikle organisasjonen og styrke den felles konsernkulturen – der alle tilsette veit korleis deira innsats bidreg til å oppnå dei strategiske måla våre – gjer at styret har høge forventningar til utviklinga av konsernet i fortsettinga.

Resultatrekneskap

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
1. Drift						
Salsinntekter	1,2	91 825 762	22 572 828	1,2,3	5 903 700 323	6 266 286 902
Andre driftsinntekter		1 679 878	0	7	10 501 695	18 519 058
Sum driftsinntekter		93 505 640	22 572 828		5 914 202 019	6 284 805 960
Behaldningsendring, varer		0	0	11	-89 505 967	-71 501 985
Varekostnader		0	0		4 099 299 965	4 432 292 223
Lønnskostnader	4	48 782 335	7 346 475	4	468 526 299	465 179 598
Ordinære avskrivningar	6,7	15 755 681	15 376 533	6,7	134 085 754	135 953 330
Andre driftskostnader	4	38 411 047	10 805 650	4, 17	1 123 048 017	1 151 098 636
Sum driftskostnader		102 949 063	33 528 658		5 735 454 068	6 113 021 802
Driftsresultat		-9 443 423	-10 955 830		178 747 951	171 784 157

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
2. Finanspostar						
Inntekt frå investering i tilknytte selskap		0	0	8	3 943 092	8 834 795
Konsernbidrag frå dotterselskap	8	54 587 630	100 000 000		0	0
Andre renteinntekter		8 795 922	2 587 584		18 531 480	6 966 492
Andre finansinntekter		0	208 333		6 298 902	12 948 704
Nedskrivning finansielle anleggsmiddel	9	0	6 750 000	9	1 721 673	8 389 249
Rentekostnad til føretak i same konsern		0	72 598		0	0
Andre rentekostnader		311 049	231 759		41 905 735	20 142 218
Andre finanskostnader		3 166 380	1 076		3 329 424	125 507
Resultat av finanspostar		59 906 122	95 740 484		-18 183 357	93 018
Resultat før skattekostnad		50 462 700	84 784 654		160 564 594	171 877 175
Skattekostnad på ordinært resultat	5	5 202 193	20 097 392	5	110 689 163	37 682 166
ÅRSRESULTAT		45 260 507	64 687 262		49 875 430	134 195 009

Resultatrekneskap forts.

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
3. Bruk av årsresultatet						
Avsatt til annan egenkapital	14	0	0	14	0	69 195 009
Overført frå annan egenkapital	14	-14 739 493	-312 738	14	-10 124 570	0
Avsatt utbytte	14	60 000 000	65 000 000	14	60 000 000	65 000 000
SUM BRUK		45 260 507	64 687 262		49 875 430	134 195 009

Balanse - egedelar

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
EIGEDELAR						
1. Anleggsmiddel						
1.1. Immaterielle eigedelar						
Konsesjoner, patent, varemrk., rettigh. o.l	15,6	62 232 623	21 434 327	15,6	305 053 522	264 255 226
Utsett skattefordel	5	9 398 189	10 083 418	5	0	0
Sum immaterielle eigedelar		71 630 812	31 517 745		305 053 522	264 255 226
1.2. Varige driftsmiddel						
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	15,7	377 224 716	248 571 685	15,7	808 919 930	660 534 479
Maskinar og anlegg	15,7	0	0	15,7	551 633 012	503 426 118
Transportmiddel		0	0	15,7	436 255	414 687
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kont.mask. o.l		0	0	15,7	5 291 525	6 850 318
Sum varige driftsmiddel		377 224 716	248 571 685		1 366 280 722	1 171 225 601
1.3. Finansielle anleggsmiddel						
Investeringar i dotterselskap	15,8	349 067 633	349 067 633		0	0
Investeringar i tilknytte selskap	8	40 000 000	40 000 000	8	64 482 027	60 538 935
Investeringar i aksjar og andelar	9	10 683 648	13 260 601	9	11 797 058	14 374 011
Langsiktige fordringar	10	0	0	10	188 535	1 830 613
Sum finansielle anleggsmiddel		399 751 281	402 328 234		76 467 619	76 743 558
Sum anleggsmiddel		848 606 809	682 417 664		1 747 801 864	1 512 224 386

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
2. Omløpsmiddel						
2.1. Varer						
Lager, råvarer		0	0	11,15	38 950 446	36 790 603
Lager, fisk i sjø og anlegg		0	0	11,15	1 009 560 582	915 242 971
Lager, ferdige eigentilverka varer		0	0	11,15	57 591 207	64 562 694
Sum varer		0	0	1	1 106 102 235	1 016 596 268
2.2. Fordringar						
Kundefordringar		87 794 159	2 186 241	15	142 018 825	259 753 880
Andre fordringar	12	872 581 980	534 478 006		190 198 941	88 538 330
Sum fordringar		960 376 139	536 664 247		332 217 766	348 292 210
Finansielle derivat	16	0	0	16	125 002	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	13,15	4 691 560	633 511	13,15	42 959 165	28 065 049
Sum omløpsmiddel		965 067 698	537 297 758		1 481 404 169	1 392 953 527
SUM EIGEDELAR		1 813 674 507	1 219 715 423		3 229 206 032	2 905 177 913

Balanse - egenkapital og gjeld

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL OG GJELD						
1. Eigenkapital						
1.1 Innskoten egenkapital						
Aksjekapital	14	6 100 000	6 100 000	14	6 100 000	6 100 000
Overkurs	14	29 031 512	29 031 512	14	26 058 525	26 058 525
Annan innskoten egenkapital	14	14 632 629	14 632 629	14	0	0
Sum innskoten egenkapital		49 764 141	49 764 141		32 158 525	32 158 525
1.2. Opptent egenkapital						
Annan egenkapital	14	1 050 122 873	1 064 862 366	14	1 593 482 450	1 601 754 493
Sum opptent egenkapital		1 050 122 873	1 064 862 366		1 593 482 450	1 601 754 493
Sum egenkapital		1 099 887 014	1 114 626 507		1 625 640 975	1 633 913 018


		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
2. Gjeld						
2.1. Avsetning for forpliktingar						
Pensjonsforpliktingar	4	592 447	0	4	1 432 839	840 392
Utsett skatt	5	0	0	5	276 581 586	178 767 820
Sum avsetning for forpliktingar		592 447	0		278 014 425	179 608 212
2.2. Anna langsiktig gjeld						
Gjeld til kredittinstitusjonar	13,15	200 000 000	0	13,15	261 499 667	75 429 807
Sum anna langsiktig gjeld		200 000 000	0		261 499 667	75 429 807
2.3. Kortsiktig gjeld						
Finansielle derivat		0	0	16	0	9 859
Gjeld til kredittinstitusjonar	13,15	417 856 247	0	13,15	417 856 247	366 721 193
Leverandørgjeld		5 226 516	9 593 088		411 178 494	400 297 247
Betalbar skatt	5	6 339 198	21 063 835	5	14 034 679	25 500 465
Skyldig offentlege avgifter		10 807 040	8 715 571		34 108 956	47 474 792
Anna kortsiktig gjeld	12	72 966 045	65 716 422		186 872 590	176 223 320
Sum kortsiktig gjeld		513 195 046	105 088 916		1 064 050 966	1 016 226 877
Sum gjeld		713 787 493	105 088 916		1 603 565 058	1 271 264 895
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 813 674 507	1 219 715 423		3 229 206 032	2 905 177 913

Bremnes, 14. mai 2023



Jan Sverre Røstad

styreleiar




Bjørn Willy Sæverud

styremedlem



Bjørnar Michaelson-Svendsen

styremedlem



Hans Petter Nesse

styremedlem



Olav Svendsen

styremedlem



Laila Knarvik

styremedlem




Linda Litlekalsøy Aase

konsernsjef



Nils Viga

styremedlem



Simen Birkelund

styremedlem (tilsettrepresentant)



Jarle Jensen

styremedlem (tilsettrepresentant)

Kontantstrømoppstilling

		Mor			Konsern	
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktiviteter						
Resultat før skattekostnad		50 462 700	84 784 654		160 564 594	171 877 175
Betalt skatt i perioden	5	-21 063 835	-8 209 397	5	-25 500 465	-8 538 169
Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	7	0	0	7	0	-3 701 703
Ordinære avskrivningar	6,7	15 755 681	15 376 533	6,7	134 085 754	135 953 330
Endring i varelager og kundefordringar	11	-85 607 918	-51 897	11	28 229 089	-174 407 469
Endring leverandørgjeld		-4 366 572	5 893 457		10 881 247	-20 661 315
Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar	4	592 447	0	4	592 447	319 317
Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar		-65 911 956	-93 458 333		6 594 028	5 881 273
Endring i andre tidsavgrensingspostar		64 592 274	-100 899 862		-102 634 469	20 634 878
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter		-45 547 179	-96 564 845		212 812 223	127 357 318
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar						
Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel	7	0	0	7	0	9 976 882
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel og imm.eiend.	6,7	-174 070 448	-72 364 997	6,7	-358 798 694	-222 308 164
Innbetalningar ved sal av aksjar/andelar i andre føretak	8,9	1	0	8,9	1	0
Utbetalningar ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak	8,9	-8 824 326	-3 056 400	8,9	-8 824 326	-3 647 739
Mottatt utbytte		0	208 333		0	208 333
Utbetalningar ved konvertibelt lån		-2 500 000	-2 625 000		-2 500 000	-2 625 000
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-185 394 773	-77 838 064		-370 123 019	-218 395 688

Kontantstrømoppstilling forts.

		Mor		Konsern		
	Note	2023	2022	Note	2023	2022
Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar						
Netto endring, langsiktig gjeld til kredittinstitusjon	15	200 000 000	0	15	186 069 860	-364 207 217
Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld		0	-25 012 371		0	0
Netto endring, kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon		0	0	15	51 135 054	222 299 841
Utbetalingar av utbytte	14	-65 000 000	0	14	-65 000 000	0
Mottatt konsernbidrag		100 000 000	200 000 000		0	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		235 000 000	174 987 629		172 204 913	-141 907 376
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		4 058 049	584 720		14 894 117	-232 945 746
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01		633 511	48 791		28 065 048	261 010 795
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12		4 691 560	633 511		42 959 165	28 065 048

Behaldning konsernkontoordning per 31.12.2023 er kr -417 856 247 og er presentert som kortsiktig gjeld til kredittinstitusjonar i årsrekneskapen

